

Varhaug Misjonshus



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Innhald:

Kven er Jesus?

Side 5

Evy Skretting

Side 6-7

Husstyret

Side 9

Status fra byggekomm.

Side 10-11

Min song

Side 13

Endeleg fredag

Side 16-17

VAKRU

Side 14-15

Glimt fra møter

Side 18-19

Sangkveld

Side 26-27

Mi bok

Side 30-31

ODLAND a/s

FORSKALING OG STØYPING



Alt i oppmerking av
parkeringsplasser

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon: 51 43 09 37
Fax: 51 43 33 64
Mobil: 908 89 556



Bilopphugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 EGRSUND
TLF: 51 49 49 50
FAKS: 51 49 49 60
rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!



SIBYGG

NORRØN GRUPPEN



FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningsliner som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

1 - 2025

37. ÅRGANG

Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

Norsk Luthersk Misjonssamband

Leiar:

Berit Skretting,

Mob: 994 98 957

Det Norske Misjonsselskap

Leiar:

Njål Omland,

Mob: 916 89 177

Normisjon

Leiar:

Øystein Varhaug

Mob: 970 90 811

Indremisjonsforbundet

Formann:

Toralf Liene

Mob: 951 69 466

<http://www.varhaug-misjonshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.

Mob: 476 01 167

E-mail adresse:

post@varhaug-misjonshus.no

Postadresse:

Pb 103

4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag

kl 2000-2100

Kontonr: 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:

E-mail:

redaksjonen@varhaug-misjonshus.no

Tlf. 900 58 503



Frå redaksjonen

Redaksjonen avslutta arbeidet med dette bladet rett før påske og når bladet vert levert i postkassane til alle husstandar på Varhaug, er me komne til mai 2025. Då er det ikkje lenge til det er sommarferietid og me går inn i ein rolegare periode. Påbygget er ferdig på utsida, og inne pågår det dugnadsarbeid. Minglerommet ved inngangspartiet er ferdig.

I dette bladet er det fleire bilete frå dugnaden.

Sjur har vore på besøk hos ei som ofte er å sjå på Misjonshuset, Evy Skretting.

Andakten er levert av Aud Torunn Nesvåg. Min song har me fått frå Guri Sollesnes.

Ungdommane feira nyttår på Misjonshuset med middag for 130 unge. Christina Skrettingland skriv litt om dette. I februar arrangerte Vakru skiweekend til Tonstadli.

I januar fekk me besøk av Espen Ottosen. Han talte på fleire møte. Mange kjenner han frå media. På eit av møta hadde han tema om «Det kristne Håp».

Nå er årsmøter i alle eigarorganisasjonane gjennomført, likeså for Sentrum menighet. Nye styre vert presentert i dette nummeret.

I mars var storesalen pynta til festmiddag, eit arrangement kalla «Endeleg fredag». 120 benka seg til bords der artisten Morten Gjerløw Larsen fortalte engasjert frå sitt liv. Han sa at Livet oftast ikkje vert slik vi trur. Vi har alle eit eller anna som vi dreg på i livet. Artistlivet var krevande, så pass at han etter kvart utvikla alkoholisme og var langt nede. Men han fekk hjelp og eit nytt liv.

Mi bok er denne gong levert av Astrid G. Varhaug. Ho har funne fram ei bok av Paul Odland utgitt på Lunde forlag i 1996.

Per Åge Skretting
redaktør

I redaksjonen: Karin Lerbrekk, Kristian Skrettingland, Sjur Håland og Per Åge Skretting

Oppdatert oversikt over møter framover er å finna på nettsida: www.varhaug-misjonshus.no Klikk på møteplan og så møtebok.



Jesus tek seg av den eine

Siden jeg begynte å gå her på Misjonshuset, er det en liten detalj på frontbildet som har truffet meg:

Den lille, hvite (gull) prikken i Jesu hjerte

Prikken er meg!

Jeg tenker også på en tekst ei venninne har på et bilde:

Midt i sentrum for Guds kjærlighet står du.

Frontbildet på Misjonshuset er innholdsrikt, med mange detaljer, og det dukker stadig opp nye muligheter til å få tak i noe oppbyggelig fra bildet. Den lille, hvite prikken midt i hjertet taler for tiden sterkest til meg:

Han som har den hele vide verden i sin hånd, har rom for meg!

«Jesus tek seg av den eine, som om ingen andre var, han har tid for deg når hine (andre), tid og time ikkje har.»

Midt i den store menneskemengden bryr Jesus seg om den ene:

- Han stoppet opp og tok inn til Sakkeus.
(Luk.19,1-10)
- Han helbredet ei kvinne på vei til Jairus hus.
(Matt. 9,18-26)
- Han leter etter det ene lammet. (Luk. 15,4-7)

«Du vet om at du er verdifull

at du er verdifull her og nu.

At du er elsket for din egen skyld,

Og ingen annen er som du»


Jfr. Jes.43,4: «Du er dyrebar i mine øyne, aktet høyt og jeg elsker deg!»



Aud Torunn Nesvåg

Audaket

Kven er Jesus?



«Det er ikkje sikkert dei har sagt nei til Jesus, dei berre veit ikkje korleis han ser ut». Det har Martin Cave sagt ein gong, og det er godt sagt.

Vi trur det er mange som ikkje veit heilt kva det går i dette med Jesus. Og vi ønsker at DU skal får eit RETT bilde av kven Gud og Jesus er - og eit rett bilete av sjølv kristendommen.

Det er mange stemmer som vil meine noko, men kva seier Gud sjølv i Bibelen om seg sjølv? Vi ønsker at menneske på Varhaug skal få bli kjent med Jesus - han som seier om seg sjølv at han er Sannheten. No ynskjer vi å arrangere ALPHA-kurs i Sentrum menighet!

I 48 år har ALPHA -kurs eksistert. Det starta i 1977, i kyrkja Holy Trinity Brompton i London.

I 1990 overtok Nicky Gumbell dette, og relanserte det som eit kurs for dei utanfor kyrkja. Dette har gjennom åra spreidd seg til mange land- millionar av menneske har gått på eit Alpha kurs og det er omsett til 112 språk. Dette er ei god innføring i kristen tru - og også ein god repetisjon for den som kan ein del.

Tema for samlingane er designa for å engasjere og inspirere til samtale. Kvart tema blir presentert i ca tretti minutt. Her blir innleiing og ein dokumentarliknande film som fordjuper seg i dei store tema rundt tru og dei kristne grunnprinsippa, og tek opp spørsmål som «Kven er Jesus», «Korleis leier Gud» og «Korleis og kvifor kan eg be?»

Høyrest dette spennande ut? Bli med sjølv og få gjerne med deg ein venn eller to til fleire kjekke kveldar med godt måltidsfellesskap, undervisning og samtale i grupper. Vi startar opp i september og tenkjer ca 10 kveldar i haust.

Følg med på Facebook og oppslagstavler for meir info om oppstart. Og er du interessert i å bidra med praktiske ting som mat; eller som gruppeleiar?

Ta kontakt med Anne Birgitte L. Bø (97100737) eller Terje Bøe (90519422)



MALER OG GOLVLEGGER

Jæren Gulv AS

Varhaug • Tlf. 488 48 700

- Har alltid nokon å gå til

Sjur Håland

Evy Skretting bur på Toppen, men mister verken bakkekontakten eller kontakten oppover av den grunn.

- Eg skjønar ikkje korleis det ville vore utan nokon å gå til kvar dag med stort og smått, seier ho.

Byggeprosjektet går framover.

Mingleområdet er framleis skjult bak byggevegg i gangen, men målet er at det skal vere om ikkje heilt ferdig, så i alle fall brukande til julemessene i midten av november. Tilbygget er i ferd med å verta ferdig utvendig, med gipsplater på vegg, vindaug monterte og takpanner som blir lagt ut akkurat nå mens eg sit på mitt loft og skriv og ser ut vindaug.

Det blir bra!

Ein dag for ikkje så lenge sidan då eg møtte Evy i full fart inn i butikken, vart me ståande og drøsa nokre minutt.

- Korleis går det, ville eg vita.

- Eg er så takknemleg for alle diagnosane eg ikkje har, var det konstante svaret.

Det er godt svart, og eit vitnemål om at svært mykje her i livet handlar om korleis ein er skrudd i hop, og korleis ein tar det. Evy er 88 år. Sprek, open og blid. Lett til fots og til sinns. Men når eg spør om ho vil stilla til intervju i Misjonshusbladet, blir ho ikkje superivrig. Men ho let seg heldigvis overtala.

Evy har stort hus, garasje, hage og tun. Og ho likar å ha alt på stell. Å vinna over alt til ei kvar tid, er ikkje berre lett.

- Eg har lært å seia til meg sjølv at det er godt nok, og så får eg god hjelp av mine når det trengs, seier Evy, og smilar.

Frå Sannarnes

Ho vaks opp med mor, far og fem søsken i grenda Sannarnes på Hellvik. Eine broren døyde i 1971, berre 29 år gammal etter ei arbeidsulukke. Dei andre søskena lever, og kontakten med dei og deira næraste er den beste, seier Evy.

Kristen har ho vore heile livet. Grunnlaget vart lagt alt frå ho var bitte lita. Barnekulla var store på Hellvik og bygdemiljøet var godt. Mora stelte heime, medan faren først og fremst var fiskar og sjømann, men han hadde



også mange år som tilsett ved jernbanen.

- Pappa hadde søndagsskolen i heile 50 år. I mange år hadde han eine søndagen på Hellvik og den neste i Holmane. I tillegg hadde han yngresforeining på måndagane. Der lærde han dei unge som gjekk der å spela sjakk.

Høgt under taket

Song og musikk var ein viktig del av oppveksten. På det gamle bedehuset på Hellvik var det galleri og høgt under taket på mange måtar.

- På juletefestane var det nok ekstra livleg. Ingen vart sendte på dør, sjølv om dei hadde saker og ting innabords og knapt kunne fota seg. Eg kan aldri hugsa at noko var ugildt, og eg hugsar aldri at eg var redd, smilar Evy.

Då Evy og Magnar møttest første gongen, var det i det kristne ungdomslaget på Hellvik i 1952. Evy var 16 år og budde heime på Sandarnes saman med sin familie. I grenda budde også 22-åringen Magnar Skretting, Magnar på Toppen, frå Varhaug, som hadde arbeid som formann på kassefabrikken.

Bygde på Varhaug

Dei to vart gifte i 1955. Året etter flytte dei til Varhaug. Hustomta på Toppen var klar. Det same var husteikninga. Medan Magnar tømra og snekra på eige hus, og andre sine, budde dei to i leilighet på loftet hjå Tora og Magnus Haaland.

For det var slik her til lands i åra med bustadmangel etter andre verdskrigen, at om du bygde hus over ein viss storleik, skulle det vera plass til ein ekstra leilighet. Så då Evy og Magnar og eldste dottera flytte inn i januar 1957, flytte eit anna ungt par frå bygda inn på loftet.

- Sjølv hadde me to stover, kjøkken, bad (felles) og kammers (soverom) i første etasje, fortel Evy.

- Korleis var det å koma til Varhaug?

Å, det var heilt fint. Men eg kjende berre mor og far din (Marit og Sven Håland) gjennom deira venskap med Magnar. Og så hadde eg jo sjølvsgagt også blitt kjend med familien til Magnar frå før.

Gode foreiningsminne

Men krinsen av kjende auka fort. Og snart vart ho invitert med i Ryfylke og Jæren Indremisjon si kvinneforeining som Julie Lima og Inger Reiestad stod i spissen for då.

- Den gongen var det det mange i foreininga. Eg var heilt i yngste enden. Matpakke og kopp hadde me med. Så fekk me kaffi hjå dei som hadde foreininga. Nokre plasser var mennene også med, minnest ho.

Dei sterkaste minna som framleis sit i, er dei gongene ho var på Nord-Varhaug, hjå Rakel og Ludvig Nord-Varhaug.

- Der var det ein helt spesielt god atmosfære. Eg hugsar då Ludvig gjekk rundt med den store kjelen og slo i kaffi. Eg tykte dei to var så eineståande gilde.

Musikklaget

I tillegg til foreininga har Varhaug Misjonskor og seinare Musikklaget vore viktige arenaer for Evy.

I Musikklaget haldt me på i 27 år. Me var fire som starta opp. Koret vaks raskt til 18, og på det meste var me 25 personar som var med.

Evy skryt av Solfrid Skretting som gjorde ein fantastisk jobb som leiar.

- Øvingane var gode stunder der me kunne vera opne og dela både gleder og sorger med kvarandre. Me hadde eit heilt spesielt samhald.

Helsearbeidar

Misjonshuset vart ikkje teke i bruk før i desember 1960. Magnar var tømrrar og med på dugnaden. Evy hugsar godt det gamle forsamlingshuset. Som kunne brukast til så mangt. Også av det kommunale helsevesenet.

- Eg var til og med på barnekontroll med dei to eldste jentene på forsamlingshuset, seier Evy.

Evy og Magnar fekk fem born. Då minstemann, Pål, var seks år, byrja Evy sin arbeidskarriere utanom heimen. Først som heimhjelp i Hå kommune. Så bygde ho på med kveldsvakter på den nye sjukeheimen på Nærbø. Her på sjukeheimen vart ho verande fram til pensjonsalderen, i 21 år.

- Eit gildt og meiningsfylt arbeid, men det var mange tunge løft, det var ikkje så mange hjelpemiddel den gongen, seier Evy.

Plan for dagen

Heile 59 år fekk Evy og Magnar saman. Magnar døydde i 2014. Evy fortel om menneske ho har møtt og opplevingar ho har hatt. Årstal og detaljar sit klistra. På ei hylle under eitt av småborda i stova ligg ei kryssordoppslagsbok. Hjernetrim, med andre ord.

- Ja, eg løyser kryssord. Men ikkje dei vanskelegaste altså, understrekar Evy.

Å få tida til å gå er ikkje eit tema.

- Eg prøver å vera bevisst og ha ein plan for kvar dag, seier ho.

Spøtet ligg attmed henne på sofaen. Evy er ein lesehest. Ho har alltid ei bok ho held på med i nærleiken. Så har ho kontakt med sine, anten fysisk eller via telefonen. Venskap skal pleiast og huset skal stellast. I tillegg er det møte og basarar på Varhaug Misjonshus.

- Det er viktig å koma seg ut innimellom. Me treng å bli oppdaterte og utvida horisonten, seier Evy.

Takkar Vår Herre

Om foreininga ikkje er aktiv lenger, er ho fast å finna på Vi over 60 og kyrkja sitt Spød og drøs arrangement.

- Eg takkar Vår Herre kvar dag, ja mange gonger til dagen. Den himmelske kontakten er avgjerande viktig for meg. Eg skjønar ikkje korleis det ville vore utan nokon å gå til med stort og smått.

Blant dei mange Evy har å hugsa på i tillegg til barn og svigerbarn er 15 barnebarn og 27 oldebarn. Barnebarna har blitt vaksne, medan det yngste oldebarnet berre er to veker ung.

- Eg er så takknemleg for kvar og ein. Å kunna legge alle etterkomarane våre, alle som me er glade i, i Herrens hender, er stort. Alle bekymringane forsvinn jo sjølvsgagt ikkje, men eg får både kjenna og kvila i at Gud er med i stort og smått.

- Korleis er oppskrifta på eit godt familiesamhald?

- Nei, det veit eg ikkje, men eg plar seia til mine at me må vera smidige og rause. Det trur eg er eit godt råd.



AH Bygg Auestad & Håland AS
Møllev. 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51798579



4360 Varhaug - Tlf: 9118 12 43

BØEN STORKIOSK

GATEKJØKKEN

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug - Tlf: 51 43 00 99

Mandag - Torsdag: 10⁰⁰ - 22⁰⁰ Fredag: 10⁰⁰ - 23⁰⁰

Lørdag: 09⁰⁰ - 23⁰⁰ Søndag: 10⁰⁰ - 22⁰⁰



Rilling av spaltegulv. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utveising av fjøs.

Egil Håland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com



Mobil 970 55 500

SKAL DU GRAVE?

KONTAKT

ERLING

AUESTAD

MASKINENTREPENØR

VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815



butikken

– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug
Tlf. 51 77 14 70

Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG - OLJESERVICE

TLF.: 917 00 827 - VARHAUG



Fv: Tarald Ånestad, Asgeir Olsen, Grethe Håland, Loyd Aanestad, Glenn Skretting, Per Arvid Jakobsen, Rasmus Rasmussen, Georg Høien og Ådne Skretting.

Nytt frå husstyret, mars 2025

Årsmøtet til Varhaug Misjonshus blei halde 20.mars. Nesten 30 røysteføre var tilstades. Etter ein fin andakt av Tone Julseth Ydstebø frå Normisjon, hadde me litt mat og deretter årsmøtesaker. Bare «ordinære» saker med årsmeldingar frå husstyret og formannskomiteen, og rekneskap og budsjett. I tillegg fekk me rapport om byggeprosjektet. Informasjon om byggeprosjektet og om innsamlinga finn annan stads i bladet. Dei som er med på dugnad og støtter økonomisk fekk ein takk.

På årsmøtet kom ein opp med ein tanke om å lage ein tydelegare profil på veggene mot toglinja. Det kunne vere eit rullande bibelvers eller ein logo eller noko slikt. Spannande.

Styret er om lag det same, bortsett frå at Asgeir Lima Olsen går inn og eg går ut. Ny leiar i husstyret er nå Glenn Skretting.

Det har vore ein fryd å vere formann i eit slikt kollegium, der folk er villige til å bruke tid og krefter og evner til reingjering, vedlikehald, vaktordning mm. Takk for tilliten.

Dugnad med vedlikehald og reingjering.

Som vanleg har styret planlagt ein dugnad med reingjering og rydding og maling, slik at huset skal framstå fint og reint til m.a. konfirmasjonsdagen i mai.

«Sjå kvarandre. Gje beskjed.»

Desse orda såg eg i Loen på Nærbø. Eg tenkjer at dette passar for oss på misjonshuset og. La oss sjå kvarandre, ikkje minst når nye kjem innom, likesom Jesus såg den enkelte. La oss og gje beskjed om me ser noko som ikkje er greitt, anten det er at nokon oppfører seg dårleg, eller det er noe som ikkje verkar som det skal på huset. På heimesida www.varhaug-misjonshus.no finst fana Kontakt oss, der du kan melde inn ting. Du kan sjølv sagt og ringe til huset i vakttida, sjå vaktliste med telefonnummer her i bladet.

Takk til Sparebankstiftinga Jæren - Time og Hå og Hå kommune for støtte.

Torbjørn Honnemyr, avgått leiar i husstyret. Ny leiar er Glenn Skretting.

Status fra byggekomiteen

Nå skriv me snart 1april, og me har hatt ein lang byggeperiode. Hadde ein gjennomgang med Team Jæren sist veke og dei er snart ferdig med sine oppgåver før me skal rykke inn med alle klutar for sparkling, maling og golvlegging. Deretter skal dei inn og lista og fore på vinduer og setja inn dei dørene som skal på plass. Elektrikaren skal og inn i desse tidene for å koplå alt elektrisk. Målet nå er å vera ferdig med det mesta før sommaren. Takkar for all hjelp som er utført allerede, og som skal utførast frem til slutten.

Mvh. Byggekomiteen
Loyd Aanestad







BILVASK
Få 5 vask til prisen av 3

Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash. Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen. Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM
5 FOR 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

Esso Varhaug
Servicenter A/S
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED

EL-TEAM
Elektroentreprenør


AUTORISERT ELINSTALLATØR
MEDLEM AV
elkonor

Morenefare 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40
E-post: firmapost@el-team.net
www.el-team.net

Min song



Guri Sollesnes

Sangen eg vil skriva om er sungen «Hitinntil Herren har hjulpet så vel». Det er ein gammal sang frå 1870 som fortel om Gud sin omsorg for sine. Eg spelar ofte denne sungen i bilen på veg til arbeid. Songen fortel om alt me har i Jesus: syndenes forlatelser, hjelp og styrke for kvar dag Herren har ikkje lova eit liv utan vanskar, men Han har lova å vera med gjennom! Siste vers handlar om kva som ventar oss når livet her er slutt. Målet mitt er å verta bevart hjå Jesus og få møta Han i Himmelen! Les versa og Takk Jesus for frelse og omsorg!! **Joh 3.16:** For så høgt har Gud elska verda at Han gav sonen sin, den einaste, for at kvar den som trur på Han- ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!

Hitinntil Herren har hjulpet så vel..!

Hitinntil Herren har hjulpet så vel,
inntil i dag, til i dag,
sørget så trofast for legem og sjel
inntil i dag, til dag.

Skjønt jeg har syndet i stort og i smått,
jeg dog fra Herren har mottatt alt godt, ufortjent
kjærlighet, det har jeg fått,
inntil i dag, til i dag

Selv har jeg intet, men Kristus har alt
inntil i dag, til i dag.

Han på min regning har skrevet betalt
inntil i dag, til i dag.

Kristus korsfestet, ei annet jeg vet,
han brakte soning da døden han led,
Han er min frelse, min glede, min fred
inntil i dag, til i dag.

Å, hvor usigelig god Herren er
inntil i dag, til i dag!

God imot alle, mot meg dog især,
inntil i dag, til i dag.

Aldri han ennå av meg er blitt trett,
bare jeg nu kunne takke ham rett!
Herren er nåderik, det har jeg sett
inntil i dag, til i dag.

Snart fra all trengsel til hvile jeg går,
tenk hvilken dag, hvilken dag!

Snart for Guds trone med kronen jeg står, tenk
hvilken dag, hvilken dag!

Snart ingen sorg mer skal trykke mitt sinn, snart
ingen tårer skal væte mitt kinn,
snart jeg for evig ser Frelseren min, tenk hvilken
dag, hvilken dag.



Endeleg fredag!

Per Åge Skretting

«Han viste meg nåde i stedet for krav».

Morten Gjerløw Larsen var invitert til Varhaug misjonshus fredag 14. mars 2025. I storesalen var det pynta og dekkta 4 langbord som i bryllup og meir enn 120 hadde bestilt bordplass. Morten er oppvaksen og bur i Fredrikstad, er 47 år og godt kjent der og vidare i landet, Han er gift med Renate

Gjerløw Larsen og har vore songartist, kunstnar og underhaldar i meir enn 30 år. Nokre hugsar kanskje «The show must go on».

Livet vert oftast ikkje slik vi trur.

Vi har alle eit eller anna som vi dreg på i livet. Han utvikla etter kvart alkoholisme.

Så fekk han ei stor omvelting i livet for 11 år sidan. Han er open om dette, og vert ofte invitert for å fortelja om det som hende, og har eit ynskje om at det kan vera til hjelp





for andre. Han å prøvde å slutte å drikka, dei første timane gjekke det greitt, men så kom marerittet. Han greidde det ikkje. Han innsåg at han måtte ha hjelp.

Morten fortalte detaljert korleis han fekk hjelp til å fjerna det grusomme russuget. Han møtte opp på ein institusjon i nærleiken av Gjøvik, Gildevangen behandlingssenter. Han drakk 6 øl på vegen frå Fredrikstad til Gjøvik. Han var der ein måned. Der opplevde han at det kom ord i lufta inn i rommet som frukta på eit tre, «troverdighet, godhet, fullkommenhet, kjærlyghet». Dei kunne han plukka ned. Han undra seg, kva er dette for noko?

Morten fortalde om då han var med i eit skodespel i Fredrikstad i samband med eit jubileum for Hans Nielsen Hauge. For ei tid tilbake var han i Nashville i lag med med norske og svenske songarar, og spela in 8 episodar som er vist på norsk og svensk TV; «Alle tiders sanger».

For nokre år sidan vart han leiar på leirstaden Solbukta. Den ligg ikkje langt frå Fredrikstad. Der har han arrangert alkoholfrie julebord, kalla «Jul i Bukta» kvart år, fem ulike kveldar, fullt hus.

Han reiser nå rundt om i Norge og syng og fortel om kva som skjedde i hans liv. Alle er verdige. Han syng: «Han viste meg nåde i stedet for krav».



V A K R U

Nyttår med vakru

Christina Skrettingland

Me gjorde mykje gildt denne kvelden. På nyttårsfeiringa kom det 130stk!! Me hadde blant anna mykje god mat og desserter, som var laga av foreldre og frivillige! Etterpå hadde me ein god underholdningsbolk. Det var mange gode filmar, og me hadde fleire morsomme leikar.

Dette var noko dei aller fleste syns var morosamt og spanande. Etterpå kjørte me til kyrkja for gudstjeneste.



Då me kom tilbake, hadde me mykje kaker og rakettar. Det var veldig mange frå Varhaug som kom for å sjå på rakettane, det var mest fullt på parkeringsplassen. Rakettane var me godt fornøygde med, og det varte lenge utan stopp.

Det sista vi gjorde, var å vere på loftet der det var lovsang fram til kl 3. Det var også forbønn og fleire ungdommar kom for å vitne. Det var ein kjempegild kveld. Og me er klare for neste år!!!

VAKRU Skiweekend 2025

Helga 14.-16. februar reiste VAKRU på skiweekend. Me var om lag 130 ungdommar, fordelt på bussar og fleire bilar, som reiste til Tonstadli. Då me kom fram på fredagen, fekk me servert taco til kveldsmat, før me hadde eit møte med tale, lovsong og quiz.

På laurdagen reise meg til Tjørhømfjellet, der flesteparten rann på slalom, nokre gjekk på langrenn, og resten heldt seg i varmetova. Etter ein fin dag i trekket, fekk me servert komla på Tonstadli. Resten av laurdagskvelden hadde me møte, underholdning, volleyball i gymsalen, speling, karaoke, kiosk, lite søvn, godt vas og god stemning.

På søndagen gjenstod berre eit morgonmøte, før det var vasking, rydding og heimreise på programmet.



VoldenTollefsen AS

Rådhusgt. 2A, 4360 Varhaug

Tlf. 51 47 22 00 / www.voldentollefsen.no





Glimt frå møte





Styret sentrum menighet



Fv.: Solveig Horpestad, Per Kristian Skretting, Ingvild Lerbrekk, Njål Omland, Johan Skretting, Trond Skretting, Morten Habbestad.



Tom Magne.

Konsert med

Morten Samuelson

Varhaug Misjonshus
Fredag 24.10 kl. 19:30

Gratis inngang, kollekt





krf

Familien først

Verdig alderdom

Nei til narkotika

Skape verdier

JA til

- Økt selvforsyning - bedre rammevilkår for landbruket
- Verne om den kristne og humanistiske arven
- Sørge for finansiering av Den norske kirke og tros- og livssynssamfunn
- Styrking av rusomsorgen
- Et familievennlig samfunn som setter barna først

NEI til

- Skatt på arbeidende kapital
- Aktiv dødshjelp
- Legalisering av narkotika
- Rosa kompetanse i skolen

Bygge på verdier – skape verdier



Nye styrer



Fv. Solveig Horpestad, Roger Lerbrekk, Øystein Varhaug og Anne Utland.



Fv. Gunn Marit Djøseland, Bjørg Stokkeland, Trond Atle Olsen, Terese Våge og Berit Skretting.



*Fv: Toralf Liene,
Anne Brit Stokkeland,
Svein Jakob Nesvåg og
Tor Selmer Olsen.*



Sammen kan vi forandre verden.
Når mennesker møter Guds
kjærlighet
skapes forandring - hos den enkelte, i
menigheter og i samfunnet.
For informasjon om det som skjer i
NMS: nms.no

*Fv: Guri Skrettingland, Njål Omland,
Oline Varhaug Rød og Kristian Lima*



Vi er der når du trenger oss

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf. 982 17 798

Hjemmeside: jts.as



Det kristne håp

Espen Ottosen, som mange kjenner frå media, besøkte Varhaug i januar. Han talte på fleire møter. På det første var temaet HÅP for dei som trur på Jesus. Han hadde 6 punkt.

**Vi har eit himmelhåp.
Håpet skuffer ikkje!**

1. Synet på Sorg.

Vi sørger ikkje på same måte enn dei som ikkje har håp. Vi savner den som døyr, men sorga vert annleis, fordi det ligg eit håp bak døden. Vi møtes igjen!

2. Livet her og nå vert også annleis for dei som har eit kristent håp.

Bibelen seier ikkje at me skal la vera å bry oss om livet her, slutta å bry oss om det som skjer i verda, på skulen, på arbeid, i bygda og i nabolag.

Det kristne håp gjer livet retning og kraft som kan gjera ein forskjell. 1. Kor. 15,32.

Viss me ikkje har det kristna håpet, vert det berre det me sjølv kan skapa, og så vert alt borte den dagen me døyr. For dei som trur på Jesus, gjer det kvardagen meir meining.

3. Synet på Rettferd. Ap24.15-16.

Det kjem ein dag der både rettferdige og urettferdige skal stå framfor Gud på den siste dag.. Gud har makt til å reisa opp alle menneske på den siste dag. Det vert ikkje berre svart når vi døyr, om me trur på Gud. Både rettferdige og urettferdige skal møte Gud. Håpet om den rettferdighet gjer noko.

4) Synet på Fortvilelsen. Dette handler ikkje berre om at me har eit håp om Himmel, håpet er breiare enn som så, håpet er Gud kan det menneske ikkje kan. 2. Kor 1: 8

Me stoler ikkje på oss sjølv, men på Gud. Til ham har vi satt vårt håp, og han skal redde oss på ny. Gud kan gripe inn. Han viste til Rom, 4 der det står om Abraham og Sara, Dei var gamle, kunne ikkje får barn:

Abraham heldt fast på håpet og derfor vart han far for mange folkeslag.

5. Synet på det me eig. 1.Tim.6, 17.

Det er lett å setja vårt håp til forsikringane våre, pensjonsavtaler, fondsparing, boligprisauke osv. Ein kristen vert det en om å ikkje setja si lit til dette, men til Gud. Ein kristen skal ha eit anna høve til til penger og verdier.

6. Synet på lidning. For den som har eit kristent håp, vert synet på lidning anleis.

Her lagar Paulus ei logisk rekkefølge, ei logisk lenke: viss du opplever noko vondt, så kan det føra til noko godt. Lidning kan gjera oss uthaldande, me kan få eit prøvd sinn og det fører til håp. Det kan føra til av me vert meir opptekne av Himmelen.

For den som trur på Jesus, har eit **håp** som kan bera oss når livet er krevande og utfordrande!

Per Åge Skretting



SPAR



SPAR VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36

E-post: spar.varhaug@ngbutikk.net

Opningstider 06.30 - 21.00
(08.00-20.00)

SpareBank
SR-BANK **1**



Brit Jane Varhaug
Einervegen 3
Tlf.: 51430757

**Varhaug
Park & Hage**

Tlf: 51 43 59 00 e-post post@vph.no www.vph.no



Murmester
Waldeland & Dubland AS

Alt i mur-, puss- og flisarbeid
Tlf: 992 50 989
Epost: post@waldeland-dubland.no

HUS • TILBYGG • REPARASJONER
Be om pristilbud på arbeid og materialer





Sangkveld med Minikoret og Emmaus

Per Åge Skretting

Den 9. mars. Inviterte Nor-misjon til sangkveld med Minikoret og Emmaus frå Nærbø. Jenny

Margrethe Bø Varhaug, som er ein av leiarane i Minikoret heldt andakt. Etter konserten var alle inviterte til kveldsmat i matsalen.





frå Nærbø




Arne Lie med ny bok

Mange på Varhaug kjenner Arne Lie frå oppvekst her på Varhaug, frå bibelskulen på Bildøy der han underviste i vel 5 år og frå dette bladet. Han har fleire gonger gitt oss stoff. Arne har vore prest i Gol i 23 år. Nå er han pensjonist. Den første boka hans, «Berekraftig tru» er omtala i eit tidlegare nummer. Nå skriv han «Om Velsigning Godheit og Rettferd».

Eg har fleire eksemplar av boka heime om nokon ynskjer å kjøpa den, ta kontakt på tlf. 90058503 eller på mail: perageskretting@gmail.com. Prisen er kr 279.

Boka er og å få tak i hjå Bibelbutikken Bryne, Storgata 26, 4340 Bryne.

Per Åge Skretting



Forfattaren skriv om det som opptek han aller mest etter mange år som prest og sjelesørgjar. Kva betyr ordet «velsigning»? Er me i ferd med å miste velsigninga og la velstanden fylle alle rom? Kva er det viktigaste me kan møte kvarandre med? Kjemper me berre for egne gode og ikkje for andre? Med Bibel og erfaring prøver forfattaren å rette søkelyset på viktige verdiar som velsigning, godheit og rettferd.

«Min tidlegare kollega, Arne Lie, skriv til velsigning. Gjennom den oppbyggelege teksten hans får vi djup sjelesorg, lærar sann etterfølging av Jesus, møter ein prest nær folk og ein bibelforankra formidlar. Særleg er eg begeistra for korleis han med frimod brukar Det gamle testamente inn i truslivet.»

ROLF KJØDE
Førstelektor i teologi ved NLA Høgskolen,
tidlegare generalsekretær i Normisjon



VIGRESTAD BYGG



FARGERIKE



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



Regnskapsfirmaet på Jæren

Besøksadresse: Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug. (2 etg på Stuelandsbygget)
Kontor på Bryne - Sandnes - Varhaug



www.jarok.no

post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66



KAY'S

BETONGSAGING AS

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver



Leverandør av trelast og bygningsartikler



TRELAST OG BYGGEVARER
ENGROS

Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærbo
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT

4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



Mi bok


Då eg blei spurdt om å skriva om ei bok i Misjonshusbladet, var eg ikkje i tvil om kva for ei eg skulle skriva om. Det var om Asle Enger, «90 år i Lysglansen», forfattar Paul Odland. Ei lett-lesen og veldig interesann bok.

Asle Enger var fødd 15. august 1906, på garden Enger på Ringerike. Han var odelsgut, men både han og foreldra meinte at bonde høvde han ikkje til. Så han fekk studera i staden. Han var ein aktiv ungdom, og dreiv med både diskos, høgdesprang og hopp. Ja, til og med boksing. Om han fekk mykje juling i bokseringen, gav han seg ikkje, for ingen skulle «kua» Asle Enger. I den tida budde han i Hønefoss, der han gjekk på gymnas m.m. Han var veldig i tvil om han skulle studera teologi eller realfag, så det blei ingen av delane, men medisin. Det skulle visa seg å kåma vel med seinare. Han avbraut medisinstudiene etter ei tid og begynte på krigsskulen. Der tok han eksamen ved Krigsskolens første avdeling, i 1926, og tenestegjorde i fleire forskjellige korps. Men det var prest han ville bli, så han tok teologisk embedseksamen i 1932 ved Universitetets Teologiske Fakultet. Etter kvart blei han gift med Ellen, og dei hadde tri born då krigen braut ut i 1940.

Den første prestetenesta var i Paulus menighet i Oslo. Og seinare vart det forskjellige andre stader. Viktigast for Enger var å formidla, og få fram «frelsens stråleglans frå Golgata

I 1943 fekk Asle Enger spørsmål om han ville melda seg frivillig til å reisa med dei norske offiserane i tysk fangenskap. Det var feltprost Lorentius Koren som spurde. Du får kort betenkningstid, var beskjeden. Og vidare: «Eg spør på vegne av Den Norske Kirke, for Jesu skuld, for dine offiser- kameraters skyld, og for Norge si skyld».

Det var ei vanskeleg avgjerd. Men Ellen, kåna hans stod fast på at han måtte reisa. Og dei fekk oppleva bønnesvar på mange vis. Han var i fangenskap til sumaren 1945. Veldig vondt å lesa om når dei blei stua inn i fangeskipet Isar, som var ufyseleg med skit og sølevatn. Men forunderleg nokk fekk dei ha gudsteneste på dekk. Og endå blei det beordra



at skipet skulle stansa medan Gudstenesten varte. Enger talte over teksta i apgj. 27.22. Det blei ei heilag stund, minnes han. Så bar det til forskjellige fangeleirar, med det grusomme som det førde med seg. Både tortur og fornedrelse av ymse slag. Men dei heldt motet oppe, og hjalp kvarandre. Dei samlast til Gudsteneste, og blei styrkte i Trua. Ingen av dei kom til Austviz eller Sibir. Det er utruleg at så mange overlevde, med vetet i behold.

Enger fortsette som prest etter krigen og. Han vart etter kvart engasjert i Oslo Indremisjon, og såg ofte til dei mest forkomne i Oslo-slummen.

Enger var godt kjend med alle dei tri siste kongane våre. Kong Håkon den 7. snakka han med fleire gonger. Før krigen i 1940 braut ut skal kong Håkon ha uttalt: Hviss vi ikkje hadde Gud å stole på nu, hva i all verden skulle vi da stole på» Etter krigen var slutt ba kong Håkon Enger å fortelja han om opplevelsen frå tysk fangenskap. Så dei hadde god kontakt. Han var og god ven med kong Olav

Asle Enger var med i Kristne Befal si foreining, og det førde til kontaktar både i England og USA. Dette førte han og i kontakt med folk heil inn i Pentagon. Blant anna Hertly Holm.

Hertly Holm vitja heimen til Enger, fleire gonger, og dette fortalde han: På 1950- talet var det kritisk for utfalet av Korea-krigen. Då samla Eisenhower sine generalar og rådgivere i Pentagon til eit uhyre viktig rådslagning. Og han sa: Nå treng me verkeleg hjelp, derfor vil eg me skal syngja: Hvilken venn vi har i Jesus, alt Han vet og alt formår. Dei song alle tri versa. Det var nok ei mektig stund i Pentagon.

Asle Enger var ein usedvanlig godt likt prest. Humoristsk og smålåten. Han fekk mange utmerkelser og medaljer, men slikt kan aldri måla seg med tenesta som prest, utalte han. Og vidare « Å formidle Guds uendelege nåde, kan ikke settes i klasse med noe annet.» Og når det skulle skrivast bok om livet hans, var det ei forutsening at den fullt og heilt måtte vera til Herrens æra.

Skulle ynskt at mange hadde lese denne boka. Det er så mykje meir som skulle vore skrive om. Så mange episodar i dagliglivet, og mange ting frå den rike prestenesta hans.

Utgitt på Lunde forlag 1996

Astrid G Varhaug

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

EL-PROFFEN

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

• SERVICE • DELER • REPRASJONER



Der Meistaren vandra - Mt. Zion, Sionsfjellet.

Per Åge Skretting

Nattverdsal, øvre sal. I bønner, salmar og songar høyrer me ofte ordet Sion.



I Det gamle testamentet er Jerusalem nemnt 169 gonger, Sion 154 gonger. I Det nye testamentet er Jerusalem nemnt 142 gonger. Byen har ein sentral plass både i Israels historie og i den kristne frelseshistorien. Når det står Sion, peikar det ofte på Jerusalem.

I Bibelen finn me Sion nemnt første gong i 2. Samuelsbok kap. 5, vers 7. Her vert det fortalt at kong David erobra Sions-borga. På Sion låg ei borg som jebusittane hadde bygt. På eit område kalla Ophel sør for muren i Den gamle by. Her låg ei vasskjelde, Gihon-kjelda. Denne gav vatn nok til 2500 menneske. Den låg sør-aust for

Tempelhøgda. Mt. Sion litt sør-vest for Zion gate. Området fekk etter kvart namnet Davids-byen. Mellom dette området og Ny-Jerusalem ligg det nye «Sionsberget»

Det finnes ikkje nokon by i verda som kan samanliknast med Jerusalem. Det er ein fin by og Guds nærværet er påtakeleg. Ofte kan me i norske aviser lesa om oppstand og uro, men i gatene i den heilage byen kjenner ein mest av alt på ein fred som går over all forstand.

Bibelen fortel ikkje noko om kor det huset låg som Jesus hadde tenkt ut for sitt siste måltid med læresveinane. Me kan lesa om ein mann



som bar ei krukke med vatn, skulle visa veg til det. Mykje tyder på at det var ein plass, eit herberge, der dei tok imot gjester. Så får me vita at læresveinane vart vist inn i ein sal. (Mark. 14 og 15 og Luk. 22,12). Tradisjonen vil ha det til at denne salen låg over gatenivå, salen vart ofte kalla Øvre sal.

Kyrkja, Hagia Sion, var bygd av bysantienerane i det 5 århundre, John II av Jerusalem var biskop då relikvier frå Stefanus vart plassert i kyrkja 26. desember 415. Kyrkja vart øydelagt i det 5. århundre. Grunnmurane av ei krossfararkyrkje vart oppdaga 1899. Keisar Wilhelm II kjøpte området av Sultan Abdu Hamid II for 120 tusen Mark. Tradisjonen seier at det var like ved kyrkja at Jesu mor døydde. Inne i den runde kyrkja er ei spiraltrapp som fører ned i ei krypt. Denne vert kalla

«Dormition of jomfru Maria». Katolsk tru seier at her sovna jomfru Maria inn og kropp og sjel vart teken til Himmelen. Nær denne kyrkja finn me «Davids grav» og over denne ligg det som i dag vert kalla «Øvre sal». Det er vel tvilsamt om dette rommet ser ut i dag som på Jusu tid, men pilegrimsgrupper kjem ofte innom her for å minnast Jesu siste måltid med læresveinane, før han skulle lida og døy.

I perioden 1949 - 1967 låg dette området på israelsk side, medan gamlebyen låg nokre steinkast bak Zion-porten under jordansk kommando. I den perioden kunne jødar ikkje gå til Western wall (Klagemuren) slik som i dag. Då kunne dei berre gå opp på taket over Øvre sal og sjå bort på deira mest heilage plass. I dag kan jødar (og andre) gå dit og be fritt der.

Prisar for leige av Misjonshuset

PRISAR FOR LEIGE AV VARHAUG MISJONSHUS

org nr. 974 923 319

Gjeld frå 1. august 2023

Betaling til konto nr: 3335 11 24011 ----- eller ein kan nytte VIPPS nr 538580	Kritelege arrangement		Anna bruk	
	Eigarorgani sasjonane (NMS, IMF, NLM, Normisjon)	ANDRE	SELSKAP, GRAVFERD, o.l.	FAGMØTE handelslaget o.l.
Møtesal	400	600	1300	2000
Anretnings kjøkken	400	600	1000	1200
MATSAL 1)	300	400	1200	1600
Kjøkken 2)	300	500	1200	1600
Ungdomssal	400	500	1200	2000
Bønnerom (2.etasje) 3)	100	200	200	200
Foreningsrom 4)	100	200	200	200
Barnekjeller 5)	500	500	500	500

- Merknad 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
 2): Ved koking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
 3): gratis for bønnemøter
 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.
 5): Ved leie av kjeller er det skoforbud, og det skal ryddast og vaskast etter bruk. Pris er justert til kr 500 for alle, og det innføres begrensning, slik at ikke mer enn 50 personer tillates ved leie.

Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungd.sal	kr. 5000 *)
” ” : bruk av anr.kjøkken og møtesal	kr. 3500 *)
<i>Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.</i>	
*): Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.	

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på søndag	1200	1300
Møteveke med fest på søndag	1600	2100
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	9000	-----
Basar (med tillaging dagen før)	1500	1500

NYTTÅRSFEST, heile huset, med tillaging 28-30/12 kr. 3000 (Ungdomslaget)

ANNA BRUK AV HUSET

Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris pr stk	andre tenester	Pris pr time
Dukar (lin)	kr. 150.	servering ved bryllaup o.a.	kr. 200
Dukar (teflon)	kr. 100.		
Dukar (velour)	kr. 50.		
Bord (matsalbord til private selskap)	kr. 40.		
Stolar (gamle matsalstolar)	kr. 10.		

Det skal nå ikkje betalast 5% av omsetnad..

Varhaug, 16. juni 2023
 Styret for Varhaug Misjonshus.

Faste arrangement

Dag	Arrangement kontakt telefon	Tidspunkt	Rom
Mandag	Åpen Barnehage Jeanette Tegle Tveit 41532651	0900-1300	Matsal
Mandag	Pianoøving Ragnhild Hoel 92443772	1330-1815	Matsal
Mandag	Minikor Marie Vatne Dyngeland 98817527	1700-1745	Møtesal
Mandag (oddetall)	Yngreskor Anne M. Fauskanger 48266184	1815-1915	Møtesal
Tirsdag	Homlebølet Kjellaug L. Røynås 92233840	0900-1100	barnekjeller
Tirsdag	Fysioterapigrupper Geir Ove Buøy 93210886	1030-1530	Matsal
Tirsdag	Bønnesamling Terje Bøe 90519422	2030-2130	ungdomssal / bønnerom
Tirsdag	SUNDAG lovsangsgruppe Anne Birgitte L. Bøe 47953147	1900-2130	Møtesal eller ungd.sal
Onsdag (oddetall)	MTM - Misjen tre & mek Kristian Varhaug 41541054	1830 - 2130	sløyd og metall i kjeller
Onsdag (annan kvar)	Speideren, 5.kl og opp André Vagle 48145331	1900-2030	Ute
Torsdag	Åpen Barnehage Jeanette Tegle Tveit 41532651	0900-1300	Matsal
Torsdag (partall)	Speideren, 2. - 4. kl Åse Marie Varhaug 90702567	1645-1845	ute, Odlandsskogen
Torsdag	UL-Lovsangsgruppe Mikala Hobberstad 94826515	1800-2000	møtesal eller ungd.sal
Fredag	Ope hus Hanna Stokkeland 46836564	2000-2330	ungdomssal
Lørdag	Ungdomslaget Ådne Skretting 45065798	2000	ungd.sal (eller møtesal)
oppdatert 28/8-2023			

Oppdatert oversikt over møter framover er å finne på nettsida:
www.varhaug-misjonshus.no Klikk på møteplan og så møtebok.

VARHAUG MISJONSHUS

VAKTLISTE 2025-2026

<u>namn/tlf (varamann i parantes)</u>	<u>Vekenummer og dato</u>								
Loyd Ånestad 915 39 216 (Asbjørn Fauskanger 94157641)	6	14	22	30	38	46	2	10	
	3/2	31/3	26/5	21/7	15/9	10/11	5/1	2/3	
Andreas Rasmussen 957 68 809 (Kristian Skrettingland 91375393)	7	15	23	31	39	47	3	11	
	10/2	7/4	2/6	28/7	22/9	17/11	12/1	9/3	
Per-Arvid Jakobsen 926 17 652 (Øystein Varhaug 97090811)	8	16	24	32	40	48	4	12	
	17/2	14/4	9/6	4/8	29/9	24/11	19/1	16/3	
Asgeir Lima Olsen 958 49 940 (Martin Dyngeland 97055506)	9	17	25	33	41	49	5	13	
	24/2	21/4	16/6	11/8	6/10	1/12	28/1	23/3	
Glenn Skretting 993 02 566 (Åge Skrettingland 90939439)	10	18	26	34	42	50	6	14	
	3/3	28/4	23/6	18/8	13/10	8/12	2/2	30(3)	
Grethe Håland 936 74 616 (Leif Nord-Varhaug 91192055)	11	19	27	35	43	51	7	15	
	10/3	5/5	30/6	25/8	20/10	15/12	9/2	6/4	
Georg Høien 414 74 560 (Reidar Varhaug, 90890978)	12	20	28	36	44	52	8	16	
	17/3	12/5	7/7	1/9	27/10	22/12	16/2	13/4	
Tarald Ånestad 906 37 516 (Ståle Ånestad 94885541)	13	21	29	37	45	1	9	17	
	24/3	19/5	14/7	8/9	3/11	29/12	23/2	20/4	

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.

Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100,

I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan óg nytte internettsida for å bestille leige, sjå http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

Styret for Misjonshuset.
(ajour 19/4-2025)